

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 21. mai 2013 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av nestleiar Olav L. Rossebø.

MØTESTAD:	Boknatun, allrommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav L. Rossebø (H) og Christine Berg Christiansen (A)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Osmund Våga, 1. varamedlem
FORFALL:	Daghild G. Alvestad (Sp), leiar
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Else Holst-Larsen, Deloitte as Silje Sivertsen pr telefon i sak 9/13.
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Kyrre Lindanger (A) Økonomisjef Solrunn Alvestad i sak 8/13.
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 6/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.03.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.03.13 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.13:

Rossebø meinte at ordførar og rådmann ikkje skulle vore til stades under drøftinga i sak 7/13 pkt. 8. Sekretær viste til at ordførar har lovfesta møte- og talerett og at utvalet avgjer sjølv kven som kan vere til stades i møte. Christiansen støtta sekretær. Rossebø ville ha protokollert følgjande: *Utvalet må diskutere framgangsmåte for når nokon får vere til stades.* Elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.13:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.03.13 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 7/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.05.13

9. Pressemelding fra KRD – Interkommunalt samarbeid lønner seg for kommunene
10. Representantskapsmøte i IKA IKS 24.04.13
11. Representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 25.04.13
12. Representantskapsmøte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS 07.05.13
13. Representantskapsmøte i HIM IKS 15.05.13
14. Generalforsamling i Haugaland Kraft AS 03.06.13 kl. 15.00
15. Generalforsamling i Haugalandspakken AS 11. 06.13 kl. 15.00

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.13:

Utvalssekretær orienterte. Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.13:

Referatsakene 9- 15 blir tatt til orientering.

SAK 8/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Bokn vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.13:

Økonomisjef orienterte. Ho skulle gjerne sett at overskotet hadde kome frå drifta. Drifts-seksjonane har hatt overforbruk, spesielt innan skule og barnevern. Investeringane har vore låge. Sak om utbygging av vassverk er under utgreiing. Revisor orienterte. Tidsfrist var ikkje helde frå administrasjonen, men ho håpa at fristen vert halda neste år. Ein del ting som ikkje er heilt på plass, men skal takast tak i. Utvalet støtta innstilling med frist for tilbakemelding.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.13:

Kontrollutvalet i Bokn vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre:

Kontrollutvalet sin uttale:

Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 3,5 mill. kr.

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 2,7 mill. kr. Det utgjer 3,2 % av driftsinntektene, som er omtrent som i fjor.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2012, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2012 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2012.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.

**SAK 9/13 PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –
ØKONOMISK SOSIALHJELP**

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Økonomisk sosialhjelp” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre. (evt. med desse endringane)

Ramma vert sett til 70 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.13:

Revisor kopla prosjektleiar Silje Sivertsen i Bergen opp på høytalande telefon. Sekretær gjekk igjennom bakgrunn, føremål og problemstillingar for prosjektet. Prosjektleiar Silje Sivertsen gjorde greie for arbeidsmetode og verifisering. Utvalet var oppteken av at rapporten skulle vere eit hjelpemiddel. Utvalet drøfta stipulert ressursbruk og avsett tid. Prosjektleiar meinte at rapport skulle vere klar til septembermøtet. Utvalet hadde ingen tillegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.13:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Økonomisk sosialhjelp” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre.

Ramma vert sett til 70 timar.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er dato torsdag **5. september** kl. 18.00. Møtet vil då vere opent, som følgje av lovendring som trer i kraft 01.07.13. Seksjonssjef helse, sosial og barnevern er invitert av utvalet til å gje ei orientering sitt ansvarsområde.

Bokn, 21. mai 2013

Olav Lande Rossebø
Nestleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)